


Prosjekt og fjelltur

Veke 36



I vår starta me prosjektet «Frå jord til bord». Me har laga åker og planta ulike grønsaker og poteter. No er det tid for å hausta, me fortset med del 2 av prosjektet. Denne veka vert annleis lagt opp. Her er oversikt over veka. Me startar dagane med 3 timar formalfag, altså norsk, matte og engelsk.

Måndag	Tysdag	Torsdag	Fredag
Formalfag	Formalfag		Formalfag
Me jobbar klassevis, alle elevane skal vera ute. 1-2.kl haustar i åkeren 3-4.kl plukker bær 5-6.kl plukker rognebær 5 og 7.kl plukker sopp	Me jobbar i aldersblanda prosjektgrupper. Me lagar mat av det me har hausta. Felles måltid.	Fjelltur for heile skulen til Velandseggje.	Felles måltid. Presentasjon av tema og ei økt om ernæring.
			Oppsummering i klassane.

Fjelltur for elevane ved Myking skule torsdag 8.september

Kvar haust og vår går alle elevane ved skulen ein felles fjelltur. Her frå skulen ser me over fjorden og bort på vakre Velandseggje, 425 moh. No planlegg me ein tur dit. Me vert frakta i båt frå Myking kai til Veland. Det er tilsette ved fiskeoppdrettet i fjorden som har teke på seg å skyssa oss. Borna må ha med seg redningsvest, eigen tursekk med mat og drikke. Kakao, kjeks eller tursjokolade er greitt denne dagen. Sitjeunderlag er lurt. Elevane må kle seg etter været og koma ferdigkledd til skulen. Bruk vanntette sko. Kl. 8.40 går me til Myking kai. Me brukar heile dagen og er tilbake kl. 14.25.

Helsing frå plangruppa v/ Annikken og Bjørghild og turkomiteen v/Bodil og Kristine.